

Arne Johannes Riisnes  
Fensfjordvegen 618  
5986 Hosteland

Masfjorden kommune v/ Landbrukskontoret v/ Ottar Myrtveit

[post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

### **Gjerdehald ved Nordbygda skule og idrettsanlegg**

Ein viser til dykkar brev på Digipost dat. 10.10.23 om brev om piggtråd i gjerde ved Nordbygda skule.

Til dette er å opplyse at Masfjorden kommune har det heile ansvaret for gjerdehaldet ved Nordbygda skule og idrettsanlegg.

Gjerdeplikta har gjennom åra vore svært mangelfullt følgd opp av Masfjorden kommune. Port ved innkjørsel til skulen er såleis svært dårleg og her er det brukt piggtråd. Som grunneigar ser eg gjerne at Masfjorden kommune set opp ein port tilsvarande den som er sett opp ved turløypa.

Masfjorden kommune har også ansvaret for gjerdehaldet rundt idrettsbana. Etter anleggsarbeid ved bana kan ein ikkje sjå at det er sett opp att gjerde og portar som føresett og avtalt. Ein ber såleis om at dette vert gjort.

Masfjorden kommune har også ansvar for at det er nødvendig gjerdehald omkring sine eigedomar på oppsida av Fv 570. Ein kan ikkje sjå at slikt gjerde er sett opp. Eg ber om at Masfjorden kommune set opp gjerde kring eigedomen sin slik at vi som eldre grunneigarar ikkje må springe etter sau som kjem seg inn på planar og i hagar.

Sidan det kan verke som fleire avtalar om gjerdehald Masfjorden kommune har inngått dei siste 55 åra ikkje er like kjende for alle vil eg nytte høvet til å minne om at Masfjorden kommune også har gjerdeplikta langs FV570 frå Hosteland til Legdavikleitet.

Hosteland, 16.10.23

Med venleg helsing

Arne Johannes Riisnes, grunneigar 14 /3